

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 14. september 2016 kl. 12.15

Stad: Seminarrom 301 i tredje høgda av HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Åsta Haukås (tysk)

Frå gruppe B: Jacob Hoffmann

Frå gruppe C: Hild Meland Rød

Frå gruppe D: Aleksander Tenvik Bergli, Lars Ask, Kari Johnsen Skjelvik og Birgitte Vågnes Bakken.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 8. juni 2016

Referatet vart sendt ut med e-post 10. juni i år og ligg her, saman med andre innkallingar og referat frå rådet: <http://www.uib.no/fremmedsprak/25322/instituttr%c3%a5de>

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Timeutteljinga for arbeid i stillingskomitear (vedtak i fakultetsstyret 6.9.16)
- b) Arbeidet med HF-2018

Sak 4 – økonomien ved instituttet

Sjå vedlegg 1.

Sak 5 – arbeidsmiljø- og klimaundersøkinga ARK

Det blir orientert i møtet om arbeidsmiljøundersøkinga ARK.

Sak 6 – Bruken av eksamenssensorar ved instituttet

Sjå vedlegg 2.

Framlegg til vedtak: Instituttrådet set ned ein komité som greier ut spørsmålet om bruken av ein eller to sensorar til eksamenar ved instituttet. Silje Grønner Stang, Lene M. Johannessen, Kjetil Berg Henjum og ein vitskapleg tilsett til sit i komiteen. Innstillinga frå komiteen blir drøfta i UUI og deretter lagd fram til vedtak i instituttrådet.

Sak 7 – Ymse

Åse Johnsen,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Økonomien ved Institutt for framandspråk

Det humanistiske fakultet drøfta i styremøtet 6. september 2016 to saker som har stor relevans for økonomien ved Institutt for framandspråk (IF). Den eine saka handla spesifikt om driftsbudsjettet og den økonomiske stoda ved IF (sak 45/16), den andre saka handla om budsjettet for HF i 2017 (sak 38/16). Innkalling og sakspapir ligg på <http://www.uib.no/hf/95114/sakslister-og-protokollar-2016>.

Økonomien ved fakultetet vil vera krevjande også i 2017. Vi kan ikkje vera sikre på å få tilsetja nokon når ei fast stilling blir ledig. Ved IF veit vi at tre personar går av for aldersgrensa våren 2017. Det er framleis ikkje avklara om vi får lysa ut stillinga etter avgangen på fransk litteratur, vi reknar ikkje med å få lysa ut stilling etter avgangen på spansk språk, og vi veit at vi misser ei administrativ stilling som eksamens- og undervisningskonsulent. Dermed misser vi to faste stillingar til våren, medan vi håpar å få lysa ut den tredje (fransk litteratur). Når det gjeld bruken av mellombels tilsette, budsjetterer fakultetet med redusert bruk i 2017. Driftsbudsjetta til institutta vil òg bli stramme i 2017, som dei er i år.

Det som likevel er positivt for IF, er at fakultetet har valt å prioritera styrking av framandspråka øvst i søknaden til UiB om midlar utanfor den ordinære ramma. Kvart år melder fakulteta inn behov utanfor den ordinære budsjettamma, dvs. søknader om ekstra midlar til særskilt prioriterte tiltak. I førearbeidet til 2017-budsjettet viser fakultetet til arbeidet for å løfta dei undervisningsintensive språkfaga opp i ein høgare finansieringskategori, og i saksframlegget heiter det m.a. (sak 38/16): «Fakultetets viktigste prioritering utenfor rammen blir derfor at vi får en permanent budsjettstyrking knyttet til fremmedspråkene. Dette vil i så fall bety at vi kan redusere færre stillinger innenfor andre fagområder.» Vi veit likevel ikkje før slutten av året om UiB sentralt gjev midlar til ei slik styrking, eller kor mykje det eventuelt blir. I beste fall kan det hjelpa litt på situasjonen for nokre av faga våre.

I tillegg til den generelle budsjettsaka, la fakultetet som varsla fram ei eiga sak om økonomien ved Institutt for framandspråk. Bak dette ligg det ei erkjenning av at økonomien ved instituttet vårt er særleg vanskeleg p.g.a. stort vikarbehov knytt til mange undervisningsintensive fag med få tilsette. Instituttet har tidlegare varsla at underskotet kan koma opp i to millionar, om vi tek med dei forpliktingane vi må overføra frå 2016 til 2017. Fakultetet er langt meir optimistisk enn instituttet, og viser til at instituttet så langt i år har redusert både løns- og driftskostnadene monaleg samanlikna med fjoråret. Dessutan legg fakultetet til grunn at instituttet får noko høgare inntekter frå eksternfinansierte prosjekt enn det vi har fått tidlegare.

Vi forventar likevel eit underskot i instituttet sitt driftsbudsjett ved utgangen av 2016, og den vanskelege økonomien fører til kontinuerleg press på undervisarane ved instituttet. I saksframlegget frå fakultetet heiter det m.a. at instituttet «har gjort et stort arbeid med å tilpasse kostnadene til de reduserte driftsbudsjettene». Fakultetet har dessutan forståing for at instituttet «har særlige utfordringer på grunn av de mange små fagene med få ansatte og flere disipliner, noe som blant annet krever bruk av vikarer ved forskningstermin.» To konkrete tiltak er skisserte i saksframlegget:

- Under budsjettfordelinga i desember vil fakultetsstyret vurdere om instituttet skal sleppa å dra med seg underskotet inn i 2017. Bundne øyremerkte tildelingar må vi uansett ta med oss og tildela på nytt neste år.
- På desembermøtet vil dessutan dekanatet leggja fram for fakultetsstyret ei sak der dei «foreslår en endring av modell for fordeling av driftsbudsjettene til grunnenhetene, slik at budsjettene blir gitt med en basisdel og en resultatdel, ikke bare basert på resultater som i dag.» Ein slik ny budsjettmodell vil kunna styrka driftsbudsjettet vårt på sikt, og er ei viktig sak for IF.

Både den generelle budsjettsaka og saka om IF sin økonomi var positive for instituttet, og viser at mange ved fakultetet skjønner situasjonen ved instituttet godt. Ikkje minst vil det vera viktig å få på plass ein budsjettmodell som i større grad tek omsyn til behov, og ikkje berre er styrt av resultat. Den grunnleggjande underbemanninga på fleire av faga våre er likevel eit problem vi tek med oss framover.

Saka om økonomien ved IF var førebudd gjennom eit eige notat frå instituttet, og dette er lagt ved innkallinga til instituttrådsmøtet.

Institutttrådsmøte 14. september 2016

Institutt for framandspråk,

Universitetet i Bergen

Bruken av eksamenssensorar ved instituttet

Instituttet har tidlegare spurt fakultetet om vi kan velja ordningar der berre ein kommisjonsmedlem (sensor) vurderer eksamenssvara. Svaret har vore at dette berre var mogleg i heilt spesielle tilfelle. Spørsmålet kom opp igjen under drøftinga av IF sin økonomi i fakultetsstyret 6. september i år. Der kom det fram at det i alle fall ved LLE er vanleg å bruka eksamenskommisjonar med berre ein medlem.

Prodekan for utdanning ved HF viser til at forvirringa på dette feltet skriv seg frå at fakultetet sine utfyllande retningslinjer for sensur er forelda. Han konkluderer med at kravet om to sensorar berre gjeld masteroppgåver, klagesaker og munnlegeksamenar. Dermed fell altså kravet om to sensorar saman med kravet om å bruka ekstern sensor. Begge desse to krava gjeld berre ved sensureringa av masteroppgåver, klagesaker og munnlegeksamenar. Ved andre eksamenar kan institutta velja om ein vil bruka to sensorar eller berre ein sensor. (Jf. e-post frå Claus Huitfeldt til instituttet 7.9.16).

At det er mogleg med berre éin sensor, er likevel ikkje det same som at det er ønskjeleg. Men instituttet bør vurdere spørsmålet. Bruken av to medlemar i eksamenskommisjonane kostar instituttet mykje både i form av arbeidsinnsats frå dei fast tilsette og honorarutgifter til eksterne sensorar. I 2015 var utlegga til eksterne sensorar på 850 000 kroner. Samstundes reiser denne saka òg andre spørsmål, ikkje minst knytte til kvalitetssikring av eksamenssensuren. Instituttet bør derfor setja ned ein komité som greier ut og drøftar spørsmålet om ein eller to kommisjonsmedlemar. Instituttleiar gjer framlegg om at desse blir med i komiteen: Lene M. Johannessen, Margje Post, Silje Grønner Stang og Kjetil Berg Henjum. I tillegg vil det bli oppnemnt ein vitskapleg tilsett til som fjerde medlem av komiteen. Komiteen legg fram vurderingane sine i form av ein skriftleg rapport til UUI, og UUI drøftar saka før det blir gjort endeleg vedtak i institutttrådet.